

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



Foto: Sven Ingar Moen



Når de sover

*Alle er barn når de sover.
Da er det ikke krig i dem.
De åpner hendene og puster
i den stille rytme som himmelen
har gitt menneskene.*

*De spisser munnen som små barn
og åpner hendene halvt alle,
soldat og statsmann, tjenere og herrer.
Stjernene står vakt da og det
er en dis over hvelvene,
noen timer da ingen skal gjøre
hverandre ondt.*

*Kunne vi bare tale til hverandre da
når hjertene er som halvt åpne blomster.
Ord som gylne bier
skulde trenge inn der.
– Gud, lær mig søvnens sprog.*

Rolf Jacobsen



Ny sokneprest i Vestre Slidre

Eg er fødd og oppvaksen i Suldal, men som mange med meg flytta eg ut då eg var 16. Først til Bryne på vgs, og så vidare til Oslo. Der starta eg på teologi og var ferdig med dette i 1999.

Sjølv om eg då var ferdig utdanna prest, vart eg ikkje ordinert før i 2013 så eg var generalsekretær i Kirkens SOS. Før det, jobba eg mellom anna som kyrkjeverge for døve, politisk rådgivar på Stortinget og som seksjonleiar i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Eg har og jobba med menneske som slit med rus og psyk, og har ein del tilleggsutdanning innan ledelse, samtale og psykisk helse.

Men livet er jo meir enn jobb, og eg er glad i å kunne være ute i naturen og heiar på kortreist friluftsliv. Ellers prøver eg å lese litt, strikke litt og sjå ein god film når det høver seg.

Eg er gift med Marianne og har to bonusgutar på 22 og 26 år.

Eg gler meg stort til å bli kjent med folk i Vestre Slidre og gler meg til å møte folk der folk er.

Janne Sukka



Det blir innsetjingsgudsteneste for Janne Sukka 12. januar 2024 i Slidredomen, møt opp og ynsk henne velkomen!

Ei julekrubbe er ikkje berre idyll!

Det er i år 800 år sidan heilage Frans av Assisi sette i scene den fyrste kjende julekrubba julaftan 1223, i den italienske byen Greccio. Den inneheldt både levande menneske og dyr. Her kunne dei truande sjå juleevangeliet med sine eigne augo i form av eit tablå – eit levande bilete, og på den måten forstå kor audmjuke og fattige kår Jesusbarnet var fødd inn i. Denne skikken vart snart populær og spreidde seg raskt til katolske kyrkjer og heimar, på enkelt eller storslagent vis, men alltid med dei same figurane; Jesusbarnet, Maria og Josef, engelen, oksen og eselet, vismennene, hyrdane og sauene.

Sidan den tid har vi sett mange julekrubber og eit mangfald av biletkunst med dette motiv- og persongalleriet. Nokon av oss har nok lagt merke til at ein av dei tre vismennene ofte er framstilt med mørkare hudlet enn dei andre.



«Adoration» av Andrea Mantegna.

Matteusevangeliet fortel om «Tre vise menn frå Austerland». Lukasevangeliet nemner ingen av dei.

Vismennene vart snart populære figurar, blant anna fordi dei representerte dei fyrste av framande folkeslag som kom og tilba Jesus.

I kristen kunst vart dei snart favorittobjekt, og det er vel her legenda om «Dei tre heilage kongane» vart danna. Dei kom med gilde gåver; gull, røykjelse og myrra. Som kongar kunne dei bera staslege drakter, og det gav kunstnarane høve til å utfalde seg med stor detaljrikdom.

Namna deira; Kaspar, Melkior og Baltasar (heller ikkje henta frå Bibelen) representerer dei tre mannsaldrane; gamal, vaksen og ung. Kven av dei som heitte kva har variert, men etter vestleg tradisjon fall namnet Baltasar til slutt på den svarte kongen, som representerte ungdom, medan Kaspar vart den gamle og Melkior i sin beste alder.

Vi møter dei fyrst på altartavler og i annan kyrkjeleg utsmykking, seinare i målarstykke, som var meir meint for hoff og privatfolk.

«Austerland» tyder på at dei kom austfrå.

Tanken var eigentleg at dei skulle koma frå Persia, men der finst det ikkje myrra (velangande balsam frå låge kamferte). Det gjer det derimot i Arabia og Etiopia...

Med tida vart dei utsendingar frå kvart sitt kontinent – Asia, Europa og Afrika. At leverandøren av myrra kom frå Afrika og framstilt med mørk farge verkar naturleg og uproblematisk. Den nye religionen – Jesu si lære – skal omfatte heile verda.

Hjå kunstnarane slo dette an som eit kjærkoment høve til variasjon, og vi fekk mange døme på bilete med den unge og mørke kong Baltasar. Han vart utstyrt med afrikanske, fargerike klede, slik det kvite Europa sette i samband med den verdsdelen.

Og så blir det bråk. For tida går, og nye sjåarar med nye kunnskapar frå nye epokar ser bileta gjennom sine eigne tidsbriller og legg moderne mål på gamal kunst. Dei ser då noko heilt anna enn eit idyllisk kongefylgje – dei ser rasisme. Kva i all verda er gale med den eine kongen, sidan han er farga svart?

Teologiprofessor Halvor Moxnes har i boka si «De hellige tre konger: rase, religion og politikk», handsama spørsmålet rundt akkurat dette: Før kolonitida hadde dei fleste europeerar ikkje sett ein einaste afrikanar, berre på eit bilete om dei var så heldige. At folk som kjem frå den andre sida av jordkloden ser annleis ut enn vi, syntest ein ikkje var noko rart, framandt var spanande...

Så startar Portugal med slavehandel, og snart fylgjer andre europeiske land etter. Det får som vi veit mange konsekvensar – her får vi stanse ved eitt fenomen; dei store, mest velstående blant oss byrja smykke seg med ein liten mørkhuda tenar i huset sitt, til nytte og hygge... Herren er kvit og tenaren er svart.

Når ein tek seg til å granske dei ulike kunstverka med dette blikket, er det ganske lett å sjå korleis framstillinga av den mørkhuda kongen i mange tilhøve skil seg ut frå dei andre. Ikkje berre på grunn av leten, men han står aldri nærast Jesusbarnet, han er nesten alltid på sidelina og blir fyrst og fremst ein rekvisitt for å framheve hovudpersonane – og dei er kvite...

Albrecht Durer har i eit bilete frå Nurnberg 1504 måla inn seg sjølv midt i



«Adoration» av Bartolome Esteban Murillo 1655.



Hieronimus Bosch «Adoration of the kings» litt før 1500 – «svart konge».



sentrum, som den vaksne kongen med langt hår. Blikket hans kviler ikkje på Jesusbarnet, men på ein elegant og velkledd Baltasar.



Albrecht Durer 3 H konger.

Hugo van der Goes si altartavle frå ca 1470, viser skilnaden svært tydeleg ved at lyset fell ned på Maria med barnet, Melkior og Kaspar og gjer dei skinande kvite, medan resten av gjestene står i skuggen og mørket, og på den måten understrekar skilnaden.



Hugo van der Goes.

I ei julekrubbe, laga tidleg på 1900-talet, av Martin Scheible (1873 – 1954) og brukt i domkyrkja i Ulm, Sør-Tyskland, vart det peikt på at framstillinga av den mørkleta kongen bar preg av rasistiske stereotypiar; som t.d. overdimensjonerte lepar, svart krusut hår, fjørpynt, gullring rundt leggen og dansande ganglag, altså ein rein parodi. No var dei ikkje så nøytrale dei to andre kongane heller – med sine overdrivne hovudplagg, digre nevar og klumpute føter. Martin Schreible var ekspresjonist – på line med Edvard Munch – og dei karane var sterke til å bruke kunstnarlege virkemiddel med store bokstavar når dei skulle fortelja noko!

Heile krubba vart etter vedtak frå soknerådet i Ulm fjerna frå kyrkja i 2020.

Bakgrunnen for at Baltasar vart verande mørk er truleg på grunn av europeisk kolonialisering langs afrikanske kystar.

6. januar er Dei heilage tre kongane sin dag. Forslag er fremja for å endre den til ein dag med antirasistisk innhald...

Når vi fyrst er i gang, kan vi dra til Nederland og helse på Sinterklaas (St. Nikolas) og fylgjesveinen hans, Swarze Piet (Svarteper). St. Nikolas er omtrent den same i Nederland og Flandern som julenissen er for oss her i Norden.

Sinterklaas har gjeve namnet til den amerikanske julenissen Santa Claus gjennom dei nederlandske immigrantere på 1600 og 1700-talet.

6. desember er sjølve Nikolasdagen, men nederlenderane tjuvstartar gjerne med opptog fyrst i månaden.



«Opptog».

Då kjem St. Nikolas, med stort fylgje, iført bispeklede, ridande på ein kvit hest, medan Swarze Piet, som markerer skilnaden, måla i andletet og kledd i ei litt klowlignande fløyelsdrakt, spring rundt i folkehopen med ein sekk på ryggen.

Når gåvesekken er tom, kan ulydige born passe seg, ellers hamnar dei oppi sekken og må bli med Swarze Piet heim...

Nokre dagar i førevegen har ungane stilt skorne sine framfor peisen og putta oppi ei gulrot og kanskje eit eple til hesten. Neste dag er maten borte, men små pakker, som Swarze Piet har kome ned gjennom pipa med, ligg i skorne. Spør du ungane kvifor Piet er svart, svarar dei at det er på grunn av sota frå alle pipene han har vore innom.

Ikkje alle er einige i det, men rettar fokus mot kolonialisering og slaveri.

Etter kvart har Sinterklaas fått fleire små svartfarga medhjelparar i opptogget, dei har fått all merksemda frå publikum og den er kritisk! Krefter er i sving for å forby det årlege opptogget i Amsterdam, fordi dei meiner det er rasistisk. Ja, til og med ein komite frå FN dukka opp for å granske påstandane om Swarze Piet og rasisme.

Nederlenderar flest kjenner seg ikkje att i slike anklager.

Sinterklaas og hjelparen hans høyrer heime i tradisjonane frå deira eigen oppvekst. Tilhengarane av Piet har hatt stor støtte frå farga nederlenderar, som seier dei aldri har tenkt på Piet som rasistisk eller vanskeleg.

Samstundes har det nederlandske senteret for folkekultur sagt at dei ikkje vil presse på for å få Sinterklaasfeiringa på Unesco si liste over vår kulturelle verdsarv. Grunnen er Swarze Piet.



St. Nicolas.



St. Nicolas vii.

50-årskonfirmantane

50 år går fort! Kwart år blir dei som vart konfirmerte i Vestre Slidre for 50 år sidan bedne til gudsteneste og hyggeleg lag med god mat etterpå. Slidre sokneråd arrangerer og Røn sokneråd hjelper til.

27. august var 22 gullkonfirmantar samla til gudsteneste i Slidredomen. Etter messa var dei inviterte til kulturkafeen på rummegraut og spekemat. Praten gjekk lett!



1. rekke frå venstre:

Kristin Rosenlund, Inga Berit Hovda, Gunnvor Olaug Kvale, Kirsten Marie Volden, Karin Rosendal, Elisabeth Rye, Gerd Nanti Vika, Marit Røvang.

2. rekke frå vesntre:

Anne Berit Tøftum, Kjell Nyhagen, Wenche Haugrud, Torgeir Tvenge, Erik Gunnar Kvale, Geir Tvenge, Bjørn Gustavsen, Gunnar Hamre

3. rekke frå venstre:

Bård Røine, Per Tvenge, Kjell Magne Snortheimsmoen (delvis skjult), Gjermund Myrvang (delvis skjult), Ola Yrstad, Leif Tvenge (delvis skjult)

1000-årsjubileet i Slidre, ei fantastisk oppleving, eit minne for livet!

Alt var fyrsteklasses, tressmeir vêret var perfekt etter mange regndagar.

Me utstillarar fekk dessverre ikkje med oss alle gode taler eller høgtida i kyrkja. Men prosesjon med biskop, prost, prestar og kyrkjetenarar, ja kort sagt mykje gjevt folk såg me også frå glasa i 2. høgda i prestegarden då dei kom att frå messa og kunne frå veldekkka bord få mat og drikke tå beste slag.

Frå scena var det storslåtte innlegg og underhaldning som me utstillarar fekk med oss noko av, og ordføraren vår leda som vanleg med ei fast hand.

Komiteen var handplukka og hadde lagt alt vel til rette med dyktige medhjelparar.

Mange besøkte oss utstillarar, og tressmeir hjå oss i andre høgda var det mykje triveleg besøk og vellæte av kjende og ukjende fornøygde jubileumsdeltakarar.

Endeleg fekk tekstilane frå dei 34 kyrkjene våre synt seg fram med mangfaldet av gamle og nyare prydnader.

Dei fire liturgiske fargene og symbol i raudt, kvitt, grønt og lilla fortel om kyrkjeåret på sin spesielle måte.

Ved å laga ringpermar med bilde av alle tekstilane og med bilde og omtale av mangfaldet i kvar kyrkje kan ein lett finne fram til den tekstilverdien alle har i dei seks kommunane sine vakre kyrkjer.

Dette vil vera av stor verdi for oss, der årstal, gåver, kven som har laga dei og med god kvalitet vil dei vera til glede i generasjonar framover.



Marit Anny med permene ho har laga.

Takk for at eg fekk oppleva dette!
Inderleg takk til alle som leia og hjelpte, og heldt ut med masinga mi. Det vart eit godt resultat og til nytte for framtida.

Marit Anny Løken Tvenge

Nattsalme

Det finst ei jord som opnar opp
sitt djup av svarte natt
og løyner både sjel og kropp
til ingenting er att

Det finst ei natt som møter deg
og tek deg mjukt imot
og let deg kvila æveleg,
di hand, di sjel, din fot

Det finst frå Gud i alt som er,
i jord og nattevrimmel,
di sjel er hans, du er hans verd,
du lyser fram hans himmel

Jon Fosse




Utstilling av kyrkjetekstilar ved 1000-årsjubileet

Med på utstillinga var:

Lomisteppet frå 1200-talet, det største av tre bevara teppe her i landet i teknikken dobbeltvev frå den tidsperioden. Dette teppet fekk folk sjå kopien av, og eg må seia eg undra meg over at så få var klar over kor gjevt det teppet er i historiske kretsar. Originalen er på kunstindustrimuseet, og folk fortel at det nett i år har vore omtala på grunn av ei utstilling der.

Var det kvinner i Lome som vov det tru? Med eitt lag lin og eitt lag handspunne, plantefarga ullgådn, åtte av kvart slag pr centimeter, altså 16 trådar må plukkast i, eit møysommeleg arbeid. Eg er stolt og glad over å ha laga ein tru kopi, men sjølv om det var starten på kyrkjetekstilane mine, og det bringa meg til Vestheim, det norske museet i Decorah (i Iowa, USA) fleire gonger for å ha kurs for vidaregåande i norske vevteknikkar, så hadde eg aldri hatt tålmodigheit til å laga fleire.



Originalen på kunstindustrimuseet.

Så Lomen sokn, ver klar over at de har eit av landets gjevaste teppe, og har ein kopi som eg er glad for å ha laga.

Kristneteppet vårt er gjevt, men dei er det mange av. Lomisteppet er unikt.

Av restegarnet vov eg eit kristneteippe (i skillbragdteknikk) i gåve til Lomen kyrkje. Dette heng i sakristiet i nykyrkja, medan «Lomisteppet» ligg på alteret i nykyrkja om vinteren og i stavkyrkja om sumaren. Turisttrafikken gjer at mange får sjå det.

Marit Anny Løken Tvenge



Altaret i stavkyrkja med kopien av Lomisteppet, gipskopi av madonnahovudet oppå.

Kirkerottene i Slidredomen



Skodespelarane i sving.

Laurdag 28.oktober besøkte Kirkerottene Vestre Slidre. 20 barn og omtrent like mange voksne møtte opp i kyrkja laurdag ettermiddag for å sjå ei flott forestilling med skodespel, song og musikk. Forestillinga varte omlag 45 minutt. På veg ut fekk dei med ei lita helsing frå ensemblet samt boller og saft som to ungdomar delte ut. Fekk du ikkje med deg årets forestilling blir det moglegheit igjen neste år!

Tekst og bilete:
Veslemøy Kvamme



Luka og bestefar Safet fekk med seg ei fin stund i Slidredomen.

Seksårsbok i Lomen



20. august var det messe i Lomen med utdeling av seksårsbok til dei som nett har begynt på skulen. Åtte blide og kvikke ungar fekk bok av trusopplærar Geir. Janne Sukka var prestevikar denne dagen.

Tidlegare sokneprest Berit Kristin var innom i bygda for å ta med seg alt sitt frå prestegarden til Vardø, der ho no er sokneprest. Ho fekk kyrkjelyden med på «We will rock you», og Toril Olvik gav henne «sending» med god valdresmat. Takk for alt du har gjeve oss, Berit!



Tekst og bilete: **Johanna Fuglesteg**

Hausttakkefest og fireårsbok i Røn



24. september møtte mange forventningsfulle fireåringar opp i Røn kyrkje, handa trygt i mor eller far si hand, store augo til alt som går føre seg i ei haustpynta kyrkje. Eit traue med grønsaker i midtgangen, hjarto frå vikarprest Ellen Rudi, fin bok frå Geir!

Tekst: Johanna Fuglesteg, bilete: Gunnvor Hambro

Helgemesse i Slidredomen

Sundag 5.11 kl 18.00 hadde mange funne vegen til Slidredomen til helgemesse. Vi hadde kyrkjestogo open og der var det kaffe, vaflar og hyggeleg stemning frå kl 17.00.

Det vart ei fin markering med tenning av lys der vi minstest dei som har gått bort frå oss siste året.

Tekst og bilete: Edith Helle



Mekkeklubben for ungdom frå Vang og Vestre Slidre

Mekkeklubben er ein møteplass for ungdom frå 8. klasse og oppover, hovudaktiviteten er mekking! Klubben er open frå 16.00 til 21.00 kvar måndag når det er skule. Klubben held til i lokala til Lomen auto, her kjem både yngre og eldre utover kvelden. Det blir servert mat, og det er fin aktivitet, også om ein ikkje er interessert i mekking. Det er plass til fleire, berre kom ... Ring trusopplærar Geir Kongslien viss det er noko du lurar på, tlf. 48237798.



Er det håp for denne, tru?



Arbeidsnevar!

Utleige av Røn kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Røn er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar. Huset har dekketøy til minst 60 personar, industrioppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1000,-

Ta kontakt med leiar av Røn sokneråd.

Marianne Tuvmarken. mob. 48211552

Reparasjonar ved Lomen kyrkje

I løpet av sumaren har det vorte nye kopartak over portalen og sakristiinngangane.
Ei ansiktslyfting! Få kyrkjer ligg så fint til ...




Ei etterlengta utbetring ved Lomen kyrkje.

Tekst: Johanna Fuglesteg
Bilete: Linda Krossøy



Nøyaktig og fint arbeid.

Øyjar kapell



Mykje har hendt ved dette vesle gudshuset siste året. Måling utvendig og oppussing av toalett og bårerom. Godt arbeid!



Kremasjon, urner og urnelund/urnefelt

Det er fleire som vel kremasjon i Vestre Slidre etter dødsfall no enn tidlegare. Ein grunn er at fleire er meir vane med og fortrulege med det. På større stader kan ikkje folk velje kistegravlegging pga plassmangel, slik er det ikkje her i Vestre Slidre.

Ved kremasjon følger gravfølget kista ut av kyrkja og fram til porten der likbilen ventar. Kista blir køyrt til eit krematorium, som oftast på Gjøvik. Etter omlag 14 dagar kjem urna med aska til kyrkjekontoret, her blir urna sett i ein safe til ho blir sett ned. Regelen er at urna skal setjast ned innan seks månader, men vinters-tid med snø og tele kan vi forlenge tida. Våren etter at telen har gått, sommar og tidleg haust er ei fin tid for urnenedsetjing. Då kjem ein kyrkjeleg tilsett med urna, møter familien og er vitne til nedsetjinga. Dei fleste vel å ha ein enkel seremoni med berre dei næraste til stades. Det kan vera fint å spa på jorda sjølv, ha med blomar, kanskje lesa eit dikt eller seia nokre ord. Viss dei pårørande ønsker det, kan den tilsette, eventuelt ein prest, leie ein enkel seremoni med bøn, song og liknande og/eller setje ned urna og spa over jorda.

Ei urne kan setjast ned i ei kistegrav, uavhengig av når siste kistegravlegginga var. Når ei urne er sett ned i ei kistegrav, kan ikkje grava bli brukt til kistegrav før fredningstida på 20 år (30 år i Øyjar) er over.

På dei nye gravfelta ved både Slidre og Lomen kyrkjer er det laga egne urnefelt med gravstein. I kvar festa gravstad er det plass til fire urner. Vi har førebels ikkje namna urnelund ved nokon av kyrkjegardane våre, men det ønsker vi å arbeide fram i åra som kjem. Ein urnelund er eit avgrensa område på ein kyrkjegard der namna på dei gravlagde blir samla på ein større stein til dømes. Det vil gjerne vera ein benk der, og det blir felles planting for dei gravlagde.

Lys på gravene

Det er vinter og mørke kveldar og tid for lys på kyrkjegardane. Vi minner om at det ikkje skal brukast eingongslykter på gravene. Lykter brukt på gravene må stå godt fast og ikkje ha lause delar. Fuglar tek med seg lause delar, dei kan havne i fôret til krøter. Mange brukar elektriske lys, hugs då å ta med dykk lys og batteri for sortering på miljøstasjonen når dei ikkje virkar lenger.

Høge tal i kyrkja i Vestre Slidre

Prosentvis er det langt høgare medlemstal i kyrkja i Vestre Slidre enn det er nasjonalt. Likeså gjeld det tala for konfirmerte og døpte.

Medlemstal i Dnk (Den norske kyrkja): 3 500 000 – 64% av befolkninga
Medlemstal i Kyrkja i Vestre Slidre: 1831 – 86,6,% av befolkninga

Prosentvis kyrkjelege handlinger i 2022:

| KYRKJELEG HANDLING | KYRKJA I VESTRE SLIDRE | DEN NORSKE KYRKJA (Dnk) |
|--------------------|------------------------|-------------------------|
| Dåp | 83% | 67,7% |
| Konfirmasjon | 91% | 49,5% |
| Gravferd | 100% | 83,2% |

Veslemøy Kvamme

Utleige av Slidre kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Slidre er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar. Huset har dekketøy og plass til omlag 30 personar, det er oppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1000,-

Ta kontakt med leiar i Slidre sokneråd,
Edith Helle, tlf 99037532

Barnesida

1. Fargelegg St. Nicolas



3. Spørsmål til geniale hovud:

- a) Kva heitte dei tre heilage kongane?
- b) Kva heitte byen dei skulle til?
- c) Kven skulle dei vitja der?
- d) Kva slags gåver hadde dei med seg?
- e) Kva slags hus kom dei til?

4. Så noko heilt anna; kva for eit ord skal ut?

- a) ulv, urne eller ugle?
- b) rev, rein eller ring?
- c) bjørn, berg eller bøffel?
- d) lodd, løve eller lama?
- e) puma, pløse eller ponni?
- f) tiger, tapir eller taffel?
- g) mold, mår eller moskus?
- h) jerv, jaguar eller jern?
- i) gepard, galla eller gaupe?
- j) flokk, flodhest eller falk?

Svar på side 15

2. Hjelp julenissen gjennom labyrinten så han finn att sekken sin



5. Lag ei fin teikning av det du ynskjer deg til jul.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

September – november 2023

| | | | | |
|------------------|---------------------|--------------------|--|---|
| Jordfesta | Lomen sokn: | 07.09.23 | Kirsten Kårstad | f. 1940 (urne) |
| | | 20.10.23 | Andres Horge | f. 1954 (urne) |
| | | 23.11.23 | Ola Riste | f. 1939 |
| | Slidre sokn: | 20.10.23 | Ola E. Moe | f. 1942 (urne) |
| | | 03.11.23 | Kjell Dalbø | f. 1945 (urne) |
| | | 17.11.23 | Geir Bernhard Ranby (budde på Lillehammer) | f. 1961 (urne) |
| | | 24.11.23 | Astrid Karin Aune | f. 1950 |
| | Røn sokn: | 31.08.23 | Olav Færden Wangensten (budde i Nord Aurdal) | f. 1949 |
| | | 29.09.23 | Oddvar Øde | f. 1936 (Øyjar kapell) |
| | Vigde | Lomen sokn: | 02.09.23 | Ida Christine Backe og Anders Hendis (Lomen stavkyrkje) (bur i Oppegård) |
| 07.10.23 | | | Ingrid Overholt og Erik Arne Aaberg (Lomen stavkyrkje) | |
| Røn sokn: | | 23.09.23 | Mina Haavi og Trygve Røn | |
| Dåp | | Lomen sokn: | 03.09.23 | Peder Edvardsen Dahl (bur i Vang) |
| | 26.11.23 | | Ada Fagerlund Høyne | |
| | Slidre sokn: | 10.09.23 | Elias Pedersen Bergan | |
| | | 10.09.23 | Åsa Vinther Nesja (bur i Tønsberg) | |
| | Røn sokn: | 23.09.23 | Sofie Røn | |
| | | 24.09.23 | Isak Johnsen Halvorsen (bur i Nord Aurdal) | |
| | | 08.10.23 | Jesper Rødningen Madsen (bur i Nord Aurdal) | |
| | | 08.10.23 | Iver Stensrud Nordåker | |

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leirar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

| Dato | Dag | Tid | Stad |
|----------------|-------------------------|-------|--|
| JANUAR | | | |
| 01.01.24 | Nyårsdag/Jesu namnedag | 12.00 | Øyjar |
| 07.01.24 | Kristi openberring | | Frihelg |
| 14.01.24 | 2. s i openberringstida | 11.00 | Slidredomen, innsetjing av Janne Sukka |
| 21.01.24 | 3. s i openberringstida | 11.00 | Røn |
| 28.01.24 | Såmannssundagen | 18.00 | Lomen |
| FEBRUAR | | | |
| 04.02.24 | Kristi forklåringsdag | | Frihelg |
| 11.02.24 | Fastelavnsundag | 11.00 | Slidredomen |
| 18.02.24 | 1. s i fastetida | 11.00 | Lomen |
| 25.02.24 | 2. s i fastetida | 11.00 | Røn |
| MARS | | | |
| 03.03.24 | 3. s i fastetida | | Frihelg |
| 10.03.24 | 4. s i fastetida | 18.00 | Slidredomen, tårnagentar |
| 17.03.24 | Maria bodskapsdag | 11.00 | Røn |
| 24.03.24 | Palmesundag | 11.00 | Lomen |

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kva takkofferet går til.

Sokneråd og kyrkjeleg fellestråd i Vestre Slidre 2023 – 2027

Kyrkjevalet vart arrangert likt med kommunestyrevalet i haust.

Kvart sokneråd har seks medlemmar og ein møtande vara, og dei nye sokneråda i Vestre Slidre ser no slik ut:

LOMEN

Anne Gustavsven (leiar)
Trygve Riste
Kine Ramsland
Karin Gullhaug
Einar Lome
Linda Krossøy
Ingvild Hovrud

SLIDRE

Edit Jørgine Helle (leiar)
Toril Olvik
Trine Andersen
Marit Bergliot Strømmen
Arne Kolbjørnshus
Per Håvar Moe Nevland
Gro Berge

RØN

Marianne Tuvmarken (leiar)
Espen Solsten Før
Johanna Fuglesteg
Anne Marie Snortheimsmoen
Ole Martin Ringen
Britt Helen Moe
Ådne Geicke Kolbjørnshus

Kyrkjeleg fellestråd har desse medlemmane:

Anne Gustavsven, Karin Gullhaug, Toril Olvik, Arne Kolbjørnshus, Marianne Tuvmarken og Ole Martin Ringen. I tillegg sit sokneprest Janna Sukka, kyrkjeverje Veslemøy Kvamme og Anne Berit Strømmen Strand frå kommunestyret i rådet. Fellestrådet konstituerer seg innan 1. desember.

SVAR: 3 a) Kaspar, Melkior og Baltasar. b) Betlehem, c) Jesusbarne, d) gull, røykjelse og myrra, e) ein stull.
4 a) urne, b) ring, c) berg, d) lodd, e) pløse, f) taffel, g) mold, h) jern, i) galla, j) flokk

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har oppe for besøk frå måndag – torsdag frå kl. 09.00 – kl. 15.00.
Det vil vere stengt innimellom pga møter, kurs og befaring – prøv oss då pr. telefon.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

| Namn | Tlf. | Jobb | E-post |
|----------------------------|----------|---|-------------------------|
| Janne Sukka | 45861038 | Sokneprest | |
| Veslemøy Kvamme | 48122137 | Kyrkjevevje | vk766@kyrkja.no |
| Geir Kongslie | 48237798 | Trusopplærar og kontorfullmektig | gk662@kyrkja.no |
| Jovita Sofia Bergheim | 48624468 | Organist | jb459@kirken.no |
| Safet Vladovic | 99221198 | Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn | vladovicmig21@yahoo.com |
| | | Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel. Ringar i Slidre | |
| | | Reinhaldar i alle sokna | |
| Magnhild Skjel | 95821005 | Klokkar i Røn, Øyar og Lomen sokn | magskjel@outlook.com |
| Johanna Fuglesteg | 90156613 | Klokkar i Slidre sokn | johfugl@gmail.com |
| Josue Tchami Ndonko | 46902865 | Kyrkjetenar ved gudsteneste i Slidre sokn | jndontcha@gmail.com |
| Jan Ole Bråten | 91364677 | Ringjar i Slidre | j-ole-b@n2u.no |
| Einar Lome | 99310408 | Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje | einar.lome@hotmail.com |
| Anne Berit Strømmen Strand | 97597150 | Kom. valt repr. i Kyrkjeleg fellestråd | |

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



*Me ynskjer alle ei god og fredelig julehøgtid
og eit godt nytt år!*

*Helsing frå oss i redaksjonen
Sigrun Sørensen, Toril Olvik, Jovita S. Bergheim, Johanna Fuglesteg,
Linda Krossøy og Marit Strømmen*

E-postadresse til kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com



| | | |
|---|--|--|
|  |  | Valdres Motor & Bilskade AS Ryfoss Bilskader – Leiebiler – BMW Service |
|  |  | Tenk sikkerhet, bruk fagfolk Vestre Slidre EI-installasjon A/S Tlf.: 61 34 32 90 elektriker-slidre.no |
|  |  |  |
|  |  |  |
|  |  |  |
|  |  |  |

Takk til alle annonsørar for støtte til distribusjon av bladet vårt.